

## TILBOD OM FASTPRISKONTRAKT

Vest-Telemark Kraftlag AS (VTK) kan nå tilby fastpriskontrakt til næring i Vest-Telemark med årsforbruk over 50000 kWh/år pr. målepunkt. Tilbudet er basert på gjeldende forskrift med tilhørende avtaleverk; - som blei klare rett på nyåret.

### Avtalevilkår:

1. Kontraktslengde: 3 år (36 måneder)
2. Kraftvolum: Inntil 70% av forventet forbruk. Kan ikke endrast i kontraktperioden.
3. Fordeling over året og måned har 2 alternativ:
  - A. Flat fordeling, dvs like mye i alle måneder
  - B. Profil, dvs at månedsvolumet blir fordelt i høve til normal forbruksprofil

Innom kvar måned blir avtalt månedsvolum fordelt likt på alle timar (kan ikke fråvikast).

Avviket mellom avtalt volum pr time og faktisk bruka i fylgje målarer, vil bli avrekna til timens spotpris, både når volumavviket er negativt og positivt.

**Prisar frå 1.4.2023: Flatt (A): 79 øre/kWh Profil (B): 85 øre/kWh**

I tillegg kjem 99 kr/månad og mva. VTK sine kostnader til pliktig innkjøp av elsertifikat kan også koma i tillegg, men p.t. er desse null.

### **Kva betyr dette?**

1. Du betalar alltid 100% for avtalt volum og pris.
2. I dei timane du ikke brukar opp avtalt volum (typisk kveld/natt/helg), kjøper VTK det unyttede volumet tilbake til spotprisen for aktuelle timar. Det betyr tap for deg viss spotpris er under fastprisen og gevinst viss den er over.
3. I dei timane du brukar meir enn avtalt volum (typisk dagtid på arbeidsdagar), kjøper du dette meirforbruket av VTK til spotprisen for aktuelle timar. Dette er likevel ikke høgare kostnad for dette volumet enn du måtte ha betalt utan fastpriskontrakt.
4. Din totale kostnad for månaden blir då summen av pkt 1, 2 og 3.

Det betyr at det er du som kunde som har all risiko i høve til volumavviket og prisen på dette.

Dette kan slå ut både positivt og negativt avhengig av spotprisen og variasjonen på denne i løpet av døgnet, samt storleiken på volumavviket og når det oppstår.

### Kva må du gjera viss du vil teikne kontrakt?

**Du må ta kontakt med kundesenteret for å avtale volum og profil, deretter vil du få tilsendt avtale med vedlegg for underskriving. Les grundig i gjennom alt. Avtala må underskrivast av den/dei som er registrert med signaturrett i Foretaksregisteret og returnerast til oss seinast 3 dagar før månedsskifte.**

Kontaktinfo: epost [kunde@vtk.no](mailto:kunde@vtk.no) eller tlf. 35 07 57 33